

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

**Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)**

Dato	09.06.2023
Vår referanse	2023/62961-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

**Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om bygging av landbruksveg - gnr. 12
bnr. 19 - Alver kommune**

Vi viser til brev datert 24.05.2023 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde. Vi kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg opplyst at tiltaket kan reknast som ein landbruksveg.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne med høg regional og nasjonal verdi som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, men vi ber om at landbruksavdelinga innhentar en uttale frå kulturavdelinga i Alver, då vegen som skal endrast er eit eldre vegfar med bevarte tørrmurar. Vi ber om at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

Postadresse Postboks 7900 5020 Bergen	Telefon 05557	E-post post@vlfk.no	Heimeside www.vestlandfylke.no	EHF-Fakturaadr. 821311632	Organisasjonsnr. 821 311 632
--	-------------------------	-------------------------------	--	-------------------------------------	--

